

	Sola	Månen	Flo	Fjære
TORS DAG 20. AUGUST	06.03/21.18	06.02/20.51	11.51/00.03	05.36/17.04
FREDAG 21. AUGUST	06.05/21.15	07.47/20.54	12.36/	06.21/17.48

STRILEN

IF 56 34 30 30 eller vakttelefon 97 15 10 20. E-post: redaksjonen@strilen.no • www.strilen.no

Nammedag:

Torsdag 20. august:
Bernhard, Berni
Fredag 21. august:
Ragnvald, Rogni

Ver og vind:

Torsdag: Skyv opphaldsvert først på dagen. Om kvelden liten kuling, regn og regnbyger, Utrygt for torden og lokalt mykje nedbør. Fredag: Sørvestleg, på kysten sørleg bris. Regn, seinare lettare ver med enkelte regnbyger. Kaldare.

Stina i Støae:

Eg ser dei har laga opera om musikkaget på Manger.
– Skulle dei teke for seg heile kommunen, hadde det vel vorte ballade...



Strilamuseet klare for sesongopning

LINDÅS: Strilamuseet opnar dørene for publikum med ny utstilling på Seim i helga.

Av Helene Wilk

– No er det siste hand på verket før me er klar for opning, fortel museumsleiar Johannes Rydland. Saman med resten av museums-gjengen og mange gode hjelpear har dei det siste året jobba med å få ferdig den nye utstillinga på Seim.

Frå fattig til rik

Utstillinga har fått namnet «Frå jord og fjord til dekkja bord» og skal visa utviklinga i Noreg frå 1900 til 2000. Det som står i fokus er landet si utvikling frå eit av dei fattigaste landa i Europa til å verta eit av dei rikaste.

– Me ynskjer å visa kortleis Noreg har gått frå eit sjølvbergingssamfunn til industrisamfunn på hundre år, fortel Rydland.

Tre kjøkken

Nye element i museet er mellom anna dei tre kjøkkenromma, som står sentralt i utstillinga. Med utgangspunkt i eit kjøkken frå om-lag 1900, eit frå 1950 og det siste frå 2000 viser dei utviklinga som har skjedd i heimen.

– Desse viser ikkje berre dei teknologiske framskritta, men også endringar i familielevet, forklarar Rydland.

Film og aktivitetar

Under opninga på søndag vert



KJØKKEN: I utstillinga «Frå jord og fjord til dekkja bord» står dei tre kjøkkenromma sentralt. Her eit kjøkken frå 1950-talet.

det ulike aktivitetar i tillegg til utstillinga og ein film som viser gamle driftsmåtar.

– Dei som ynskjer kan få prøva seg på heising, raking, ljåslått o.l. fortel Rydland. Om ein vil, får ein også høve til å ta seg ein rotur på

Seimsvanet i sogelaget sin gamle prestebåt.

Søndag opnar dei døra klokka 13.00. Seinare vil Strilamuseet vera oppe kvar søndag ut septem-ber.



BARBERER: Der var like viktig å halda seg fidd i 1900 som år 2000.

STRILEN 20.05.09